

## Søknad om KUP-tilskot til dansesatsinga «Folkedans i Hordaland»

### Om «Folkedans i Hordaland»

Dansesatsinga til hardingfela.no, Folkedans i Hordaland, skal leggja til rette gode vekstvilkår for tradisjonsdansen i Hordaland. Vi vil halda levande denne immaterielle kulturarven gjennom å ta vare på, dyrka og vidareutvikla tradisjonsdansen gjennom bruk. Med satsinga ynskjer vi å auka interessa og forståinga for dansearven vår, blant anna gjennom å tenkja nytt omkring formidling og rekruttering. I tillegg til å leggja opp til aktivitet og tiltak som står opp under allereie eksisterande aktivitet i dei ulike lokalmiljøa, vil ein skapa nye møteplassar for utveksling, utvikling og kompetanseheving, og prøva ut nye arenaer for formidling og rekruttering.

### Litt meir om hardingfela.no, eigarinstusjonane og samarbeidspartnarar

Hardingfela.no set fokuset på hardingfela som instrument, og musikken, dansen, miljøet og historia knytt til instrumentet. Prosjektet sine eigarinstusjonar, Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum, er ikkje berre nokon av dei viktigaste institusjonane på tradisjonsmusikk og tradisjonsdans i Hordaland fylke, men også i ein nasjonal samanheng. Områdelaga Hordaland Folkemusikklag og Hordaland Ungdomslag er vesentlege samarbeidspartnarar i prosjektet. Desse to organisasjonane med side lokallag, er bindeleddet mellom det frie feltet – dei lokale spel- og danselaga som driv med folkedans og folkemusikk i fylket – og eigarinstusjonane i prosjektet. Dei tener også som eit bindeledd til andre lokale kultur- og idrettsaktørar i dei ulike lokalmiljøa. I tillegg til områdelaga med sine lokallag, som bidrar med viktig nettverk, kompetanse, erfaring og lokalkunnskap i regionen, kjem også andre samarbeidspartnarar, bidragsytarar og tilskotsgivar, slik som kommunar, kulturskular, Norsk Kulturråd, Rådet for folkemusikk og folkedans, ulike sparebankstiftingar t.d. Sparebankstiftinga Hardanger og andre. Hordaland fylkeskommune er ein vesentleg partner og bidragsytar, mellom anna gjennom avgjerande tilskot til vidare satsing i 2017.

### Folkedans i Hordaland gjennom 2016

I 2016 vart det først gjennomført forprosjekt, der rapporten *Folkedans i Hordaland – behov og moglegheiter* vart utarbeida og søknad om KUP-midlar til vidareføring av satsinga vart sendt inn til Hordaland fylkeskommune i juni. Gjennom året og utover hausten vart det arbeida vidare med utvikling av skisserte tiltak og idear til den vidare satsinga; utarbeiding av søknadar om tilskot til enkelttiltak (i tillegg til den allereie innsendte søknaden om KUP-midlar); medverknad til planlegging, og gjennomføring, av samlingar/ møteplassar som t.d. UngOsa og instruktørseminar; og nettverksarbeid (her mellom anna opp mot kulturskular; ulike ressursmiljø og ressurspersonar lokalt og nasjonalt; festivalar og diverse andre kultur- og idrettsaktørar). Hordaland fylkeskommune er som nemnt ein vesentleg støttespelar og bidragsytar for Folkedans i Hordaland, og løyvde etter einstemmig politisk vedtak i oktober 2016 kr 450 000,- til vidare satsing i 2017 (det fyrste av dei tre åra prosjektet er skissert å vara).

## Konkrete arbeidsoppgåver i 2017

- **Folkedanssalong – Folkedans i Hordaland**

Det var 19 deltakarar på den aller fyrste folkedanssalongen på Voss i januar. Denne folkedanssalongen var spesielt mynta på ressurspersonar og ressursmiljø innan folkedans i Hordaland, men det var opent for alle interesserte. Den fyrste Folkedanssalongen fungerte som eit samrådsmøte. Folkedanssalong skal vera ein arena for informasjon, inspirasjon og nettverksbygging. Ynsket er at eit slikt møte bidreg til kompetansedeling, inspirasjon og engasjement blant dei ulike resurspersonane og -miljøa. På det fyrste møtet var det også eit ynskje å undersøka moglegheitene for kva dei ulike tiltaka skissert i prosjektperioden for Folkedans i Hordaland kan bidra med; kva dei ulike personane og miljøa kan og ynskjer å bidra med; og kva for tiltak ein kan vidareutvikla ilag og samarbeida om.

Fleire folkedanssalongar er i samarbeid med ulike lokale aktørar under planlegging. Målet er å halda fast ved Folkedanssalong som ein arena der lokale aktørar med interesse for folkedansen kan møtast med kvarandre og dansesatsinga for å sjå på moglegheiter for samhandling og samarbeid omkring ulike tiltak og aktivitetar i sitt lokalmiljø.

- **Oldefars ‘dansemoves’**

I samarbeid med Hardanger folkemuseum (Utne) m.fl. Oldefars ‘dansemoves’ bygger både på møte med, og bruk av, arkiv og arkivmateriale. I tillegg vil tiltaket også bidra til å utforska identitet, historie og tradisjon gjennom danse- og musikkvariasjonar i tradisjonsdans og tradisjonsmusikk. Målet er å formidla noko av det rike og verdifulle materiale frå Hordaland til born og unge via refleksjon, utprøving og rørsle, gjennom framvising og bruk av arkivmateriale som inneheld tradisjonsdans og tradisjonsmusikk. Med tiltaket ynskjer vi å oppnå at born og unge gjerast oppmerksame på og får oppleve:

- arkiv og arkivmateriale
- at det finnast eit rikt arkivmateriale når det gjeld folkemusikk og folkedans frå Hordaland
- lokale variantar og dialektar i spel og dans
- tradisjonsdans og tradisjonsmusikk gjennom utprøving og bruk
- arkiva si viktige kulturvern- og samfunnsrolle.

- **Dans med Voss idrettskule**

Eit tiltak i samarbeid med Voss spelemannslag for å formidla dans til born i frå 1.-5.-klasse som deltek på idrettskulen sine aktivitetar. Ungane vert vidare invitert til å bli med på Voss spelemannslag sin Juniorklubb sine danseøvingar.

- **Dans for born i Granvin i samband med Hordamønstringa 2017**

I samarbeid med Hardanger spelemannslag. Her vart born og unge som deltok på Hordamønstringa<sup>1</sup>; elevar ved Granvin barne- og ungdomsskule; og andre interesserte born og unge, invitert med til halvannan time med dansemoro i gymsalen på skulen. Torkjell Lunde Børsheim var med som instruktør denne ettermiddagen – til stor begeistring for dei som møtte opp.

---

<sup>1</sup> lokal tevling i spel, dans og song for Hordaland

- **Møteplass for born og unge i ytre Hardanger og indre Midthordland**  
Kveldssamling for born og unge som spelar, syng eller dansar i områda som grensar til Samnanger. Nordbygda ungdomslag er med og arrangerer og er vertar for kvelden. Inviterte gjester er born og unge frå Kvam, Os, Fusa og Bergen.
- **Arrangement under Dansens dagar**  
I samarbeid med Voss danseskule der blant anna også Voss ungdomslag, Voss Swingklubb, Voss spelemannslag, Voss Kino og Voss Kulturhus medverka. Dansens dag vart oppretta av UNESCO i 1982 og vert markert i meir enn 60 land. I år skjedde denne markeringa gjennom helga 28.-30.april. Under desse dagane ønskja vi å samle dansarar i lokalmiljøet på Voss, samt nærliggande områder, til å feira dansen på tvers av tilhøyrslø politisk, kulturelt og religiøst. Det var ulike danseverkstader i løpet av helga, der alle som blei med fekk prøva litt av dei ulike sjangrane som var representerte. Til å halda kortkurs for born og unge i folkedans på laurdagen, hadde vi fått med oss hallingdanstalentet Vilde Westeng. Voss Kino viste også filmen ho medverkar i, «Mitt hjerte i dansen», i løpet av denne helga. I tillegg til nemnde workshops og filmvising, var det også framsyning av Dansens dagar-dansen, hallingdans og streehdans på på Torget, der alle deltakarne medverka og viste noko av kva dei hadde lært. Det var også dansefest på kvelden, laurdag, der ein fekk bruka dei ulike dansane ein hadde fått læra seg i løpet av dagen. Dansefesten var også open for andre enn dei som hadde meldt seg på workshops og vart halde i lokala til Biblioteket på Kulturhuset for at det skulle vera lettare tilgjengeleg for fleire.
- **Workshop: Barokkdans møter norsk folkedans**  
I samarbeid med Hardanger musikkfest. Etter workshop vil det også bli mogleg for dans til Lautten Compagny og Frank Henrik Rolland under Danseaften på Krossvoll.
- **Utarbeiding av ein felles «informasjons og kunnskapsportal»**  
Det er under utarbeiding ei webside som skal fungera som ein informasjonsportal for dansesatsinga, men sida er også tenkt å fungera som ein stad der prosjektet kan komma i dialog med viktige ressurspersonar og -miljø, og vice versa. I tillegg er det eit ynskje at ein via ei slik side kan få formidla kunnskap om tradisjonsdansen i tillegg til å formidla aktivitet og tilskipingar rundt omkring i fylket.
- **Dansesamling i Odda i samarbeid med lokale lag i Odda og Skare**  
I september vert det, i samarbeid med Skare UL, Odda UL, Hardanger spelemannslag, kulturskule og andre lokale aktørar, tilskipa dansesamling i Odda for born og unge, der det også vert tilbod til foreldregenerasjonen/ vaksne om å bli betre kjent med tradisjonsdansen. Ei slik samling der både born, unge og vaksne er samla på same tid – men med tilpassa opplegg for dei ulike gruppene – kan også vera med og bidra til at foreldregenerasjonen får ei auka forståing for aktiviteten borna er med på. I tillegg er det tenkt at dei

mest ivrige foreldre/ vaksne kan rekrutterast til å gå vidare på instruktørkurs, og slik vera med og bidra til å halde aktiviteten ved like i sine lokalmiljø – på ein endå meir delaktig og aktiv måte. Tanken med at samlinga skal gå føre seg i Odda, er eit ledd i planen om å spreia aktivitet ut i dei ulike lokalmiljøa, og gje ulike lokale miljø moglegheit for å få opplæringstiltak til sitt nærrområde – slik som i dette skisserte tilfellet. Det er også oppretta kontakt med prosjektet Bygda dansar (sjå meir om dette prosjektet under) i Rogaland for å sjå på moglegheitene for om dei kan ha si dansesamling for ungdommar i september som ein del av del av samlinga i Odda.

- **Arbeid med ny museumsutstilling på Folkemuseet på Utne**

Meir dans skal inn i den nye utstillinga som skal settast opp på Hardanger Folkemuseum, Utne. Det arbeidast med modellar og idear frå utprøvde og nye måtar å presentera dans på, inspirert av arbeid og utstillingar frå prosjektet «Museene danser – tre interaktive fortellinger om dans» som er eit samarbeid mellom Museene i Sør-Trøndelag (MIST) og Norsk Senter for folkemusikk og folkedans (Sff). Erfaringar frå *Oldefars 'dansemoves'* vil også vera viktige i arbeidet med den nye utstillinga på Utne.

- **Helgesamlinga UngOsa 2017**

I samarbeid med Osafestivalen. UngOsa er ei helgesamling for alle born frå 7-18 år som spelar (hardingfele/ torader), syng, eller dansar. På timeplanen står opplæring i folkemusikk og folkedans, sosialt samvære, deltaking på konsert og kveldsdans under Osafestivalen og deltakarane får sjølve vera med og halda ein konsert som ein del av det ordinære programmet til festivalen. I fjor var det 33 engasjerte born og unge som deltok. Tilbakemeldingane var strålende, og ein reknar med ei endå større deltaking dette året.

- **Samarbeid med muskar og dansar på turne gjennom DKS**

Lokalt og regionalt. Turnerande muskar og dansar med førestilling (35 min) som vert knytt saman med eit undervisningsopplegg (1 skuletime, 2-4 gonger) som kan brukast i samband med konsertførestillinga – enten i forkant og/eller i etterkant av at skulen får/ har hatt besøk av førestillinga. Dette tiltaket er under utarbeiding, og det vil bli søkt Kulturrådet om produksjonsstøtte til dette.

- **Nøringen – eit tilbod for 4-6 åringar**

Hardanger Spelemannslag, Voss Spelemannslag, Kvemmingen spel – og dansarlag og prosjektet hardingfela.no ynskjer å skapa eit fokus og spreie kunnskap og interesse for kulturarva i regionen til den oppveksande generasjonen i Hardanger og på Voss. Samstundes ynskjer ein å sikra framtidig god rekruttering i kulturskulen og til spel – og dansarlag innan folkemusikk og folkedans. Difor ynskjer ein frå hausten 2017 å starta opp satsinga «Nøringen» som skal vera eit kulturskuletilbod til 4-6 åringar i kvar av dei sju Hardangerkommune og på Voss. I tilbodet vert tradisjonsmusikk og tradisjonsdans sentralt, men tilbodet vil bli tilpassa kvar kommune ut frå kva kommunen ynskjer å syna fram og læra bort av sin kulturarv, og kva ressurspersonar som vert med i satsinga. Pedagogane som borna skal møte vil blant anna vera gode dansarar, songarar og spelemenn. Det kjem til å verta stor vektlegging på dans og song i og med at dette er noko som alle kan læra

litt av i løpet av eit semester. Over 100 born kjem til å få vera med i satsinga dersom vi kjem i hamn med finansieringa og søkinga er god. Dette vil vera eit prosjekt som er unikt i landssamanheng, og vil vera ein sær­ sars god rekrutteringsbasis for den vidare dansesatsinga i regionen. I prosjektet Nøringen har vi også lagt inn kursing av barnehagepersonell slik at dei kan ta med seg lokal song og dans i barnehagekvardagen også.

- **Kartlegging av instruktørar**

Bakgrunn: Rekruttering er avhengig av gode instruktørar, og det er viktig at kunnskapen om instruktørane innan folkemusikk – og folke­ dans er lett tilgjengeleg slik at ein ikkje treng å bruka så mykje tid på å leite etter instruktørar kvar gong ein skal ha kurs. Ei samla oversikt over instruktørar i Hordaland vil også vera verdfull dokumentasjon for å sjå stoda og utviklinga i folkemusikk- og folke­ dansmiljøet. Difor jobbar hardingfela.no i samarbeid med Hordaland Ungdomslag og Hordaland Folkemusikk­ lag med å laga ei god oversikt over instruktørar som tek på seg oppdrag innan folkemusikk og folke­ dans i Hordaland. For folke­ danssatsinga vil ei slik oversikt vera verdfull både i høve rekrutteringsarbeid, men også i høve til nettverksbygging, erfaringsutveksling og evt. vidare kursing av instruktørar.

## Andre arbeidsoppgåver i 2017

Ideutvikling av fleire tiltak i samband med planlegging, vidareutvikling og gjennomføring av eit tilpassa utval av skisserte og nye tiltak (sjå også rapporten Folke­ dans i Hordaland – behov og moglegheiter, frå 2016). Dette inneber vidare arbeid opp mot mellom anna kulturskular; lokale ressurspersonar, lag og organisasjonar; festivalar og andre kultur- og idrettsaktørar. Gjennom året ynskjer ein i prosjektet å jobba tett med eit utval lokale aktørar. Dette gjeld spesielt lokale spelemannslag og ungdomslag som har noko folke­ dansaktivitet for born og unge frå før, som til dømes Hardanger spelemannslag, Granvin ungdomslag, Voss spelemannslag, Nordbygda ungdomslag, Kvemmingen spel- og dansarlag og Skare ungdomslag, men det vert også viktig å utarbeida og setja i gang tiltak og aktivitetar i samarbeid med lokale lag og kulturaktørar i område med mindre folke­ dansaktivitet, som t.d. Kvinnherad og Osterøy. Områdelaga i dei andre vestlandsfylka (som t.d. Sogn og Fjordane folkemusikk­ lag) vil også vera viktige å samhandla og samarbeida med, i tillegg til andre typar aktørar, som til dømes Hardanger Musikkfest og lokale idrettskular. Folke­ dans i Hordaland er elles også involvert i fleire av dei andre prosjekta og aktivitetane inn under hardingfela.no, slik som til dømes seminar for kulturskulelærarar og instruktørar innan folkemusikk og folke­ dans, og danseopplæring som ein del av hardingfeleopplæringa for 1. og 2.-klassingane ved Granvin barne- og ungdomsskule (hardingfela.no i samarbeid med skulen, kulturskulen og spelemannslaget der).

**Innsending av søknad om, og eit framleis arbeid fram mot Bygda dansar frå hausten 2019**  
Dei ulike folkemusikk- og folke­ dansaktivitetane som finn stad i Hordaland er vidare viktige faktorar i å laga eit godt grunnlag både for å få tildelt – og for ei suksessfull

gjennomføring av – prosjektet Bygda dansar<sup>2</sup>. I samarbeid med område- og lokallaga<sup>3</sup> vil ein søka om, og håpar på å få tildelt, Bygda dansar til Hordaland frå hausten 2019. Investering i eit godt arbeid i forkant av dette prosjektet, via tiltak og aktivitetar gjennom Folkedans i Hordaland, vil kunne gje eit mykje større utbyttet av Bygda dansar. Eit samanhengane og langsiktig arbeid vil kunne føra med seg meir varige aktivitetar, samarbeid og nettverk. I sluttrapportane for fleire av dei avslutta Bygda dansar-prosjekta vert det peika på nettopp det at ein somme stader har slite med å halda aktivitet i lokalmiljøa etter at prosjektet vart avslutta, og at ein gjerne kunne ha motvirka dette med å dra inn, og involvera, dei lokale laga og aktørane på eit endå tidlegare stadium og på eit betre sett, gjennom heile prosessen i forkant av – og under – prosjektet.

Følgjande Bygda dansar-prosjekt er gjennomførde, i drift eller planlagde:

- *Fjordapulv*, Sogn og Fjordane (haust 2001 til vår 2004)
- *Snu nordvest*, Møre og Romsdal (haust 2004 til vår 2007)
- *Lea de*, Oppland (haust 2007 til vår 2010)
- *Danseru'*, Buskerud (haust 2009 til vår 2012)
- *Trø te*, Nord-Trøndelag (haust 2010 til vår 2013)
- *Egdedans*, Vest-Agder (haust 2011 til vår 2014)
- *Tiljetakt* Telemark (oppstart haust 2013 til 2016)
- *Akersarv*, Akershus (haust 2014 til vår 2017)
- Rogaland (hadde oppstart haust 2016)
- Troms (har oppstart haust 2017)

Prosjekta blir drivne i samarbeid med folkedans- og folkemusikkorganisasjonane FolkOrg og Noregs ungdomslag, og delprosjekta blir drivne i samarbeid med deira fylkes- og regionalledd. Aktuell prosjektperiode for Bygda dansar, Hordaland er haust 2019 – vår 2022. Å få BD til Hordaland vil vera ei kjempemoglegheit for å bygga vidare på den aktiviteten som vil bli etablert gjennom dansesatsinga Folkedans i Hordaland.

Bygda dansar-prosjekta har ei total budsjettramme på 3,3 millionar kroner over ein periode på tre år. Prosjektet vert finansiert over senteret sitt tilskot frå Kulturdepartementet (kap. 323 Musikkformål, post 78) med lokal delfinansiering der fylkeskommunen bidreg med 450.000 totalt.

---

<sup>2</sup> Bygda dansar er eit treårig danseprosjektprosjekt utvikla og bygd opp av Stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans og vert drive av stiftinga sitt eige senter, Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff). Prosjektet er hovudsakleg retta mot ungdom frå 15 til 19 år. Hovudfokuset i prosjektet er formidling og vidareføring av norsk folkedans, i tillegg til å leggja til rette for folkedans på scene. Det gjennomførast fylkesvis, og miljøa i fylket søker om å få prosjektet til sitt fylke.

<sup>3</sup> Eit samla folkedans- og folkemusikkmiljø i fylket søker om å få prosjektet til Hordaland, og det er, og vert løpande, oppretta lokale ressurspersonar som er vesentlege i tida og arbeidet fram mot hausten 2019 og både under og etter Bygda dansar-prosjektet.

### Planlagde arbeidsoppgåver for 2018

- Framleis samarbeid med muskar og dansar på turne gjennom DKS, lokalt og regionalt.
- VossaBall – Samarbeid med Fotballklubben Voss og idrettsutøvar og hallingdansar Torkjell Lunde Børsheim. Dansetrening som ein del av fotballtreninga i vintermånadane februar/ mars.
- Tilbod om vidareutdanningskurs innan folkedans for lærar.
- Utarbeiding og forankring av, tiltak og aktivitetar (som kurs, dansesamlingar, arrangement m.m.) i ulike lokalmiljø i samarbeid med aktuelle lokale aktørar som lokale ungdoms-, danse- og spelemannslag, kulturskular, museum m.fl.
- Utvikling av ny utstilling ved Hardanger folkemuseum
- Samarbeid med aktuelle festivalar om aktivitetar og arrangement (her mellom anna Festspillene i Bergen, Hardanger Musikkfest, Blømingsfestivalen, Vestalndsmesterskapet i toradermusikk)
- Samarbeid med Osafestivalen om UngOsa 2018

### Planlagde arbeidsoppgåver for 2019

- Halda kontakt med dei vidaregåande skulane og leggja til rette for Bygda dansar, skuleturné.
- Andre vesentlege førebuingar for oppstart (haust) av Bygda dansar
- Vidare samhandling og samarbeid med aktørar i DKS, Kulturskulane og Festspillene i Bergen.
- Vidare samarbeid om aktivitetar og arrangement med andre aktuelle festivalar o.l.
- Framleis samarbeid om, og forankring av, tiltak og aktivitetar i ulike lokalmiljø i samarbeid med aktuelle lokale aktørar. Intensivering av involveringa av lokale aktørar i høve samhandling kring Bygda dansar.
- UngOsa 2019, i samarbeid med Osafestivalen.
- Hausten 2019: Oppstart Bygda dansar, Hordaland.

### Prosjektet i høve Regional kulturplan og programområda for KUP

Slik det vert understreka i Regional kulturplan, PREMISS, har Hordaland «eit særskilt ansvar for å føre vidare og styrke hardingfeletradisjonen, slik at den praktiserte kunnskapen knytt til tradisjonen kan leve vidare» (s. 26). Også jamfør ratifiseringa av UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv (ibid). Eit av måla i kulturplanen, sitert under avsnittet og overskrifta 5.5 Kulturminnevern og museum, delavsnitt 22. Tradisjonsuttrykk, let fylgjande: «Tradisjonsuttrykka skal bevarast og vidareutviklast og vere del av eit levande kulturliv» (s.48).

### Om fysisk aktivitet

Kulturplanen tek også for seg folkehelse og fysisk aktivitet og stadfestar at fysisk aktivitet: «har ein eigenverdi som er knytt til oppleving av glede, meistring, fellesskap og ein nytteverdi med positiv verknad på folk si fysiske, sosiale og mentale helse» (s.32). Ein kan vel trygt seie at folkedans og folkehelse er eit godt «(danse)par». Danseaktivitet og danseglede bidreg til å fremme helse, gjennom både fysisk og psykisk forstring, bidreg til gode miljø, gode sosiale tilhøve og trivsel.

## Om forankring i eigen kultur og tradisjon

«Forankring i eigen kultur og tradisjon, skaper eit trygt grunnlag for å møte andre og saman utvikle nye kulturelle uttrykk. Eit føremål med kulturplanen er å legge til rette for eit positivt fleirkulturelt samfunn, basert på ein "levande kulturarv" og internasjonalt samarbeid.» (s.36).

## Dansesatsinga innan programområda

### Formidling og deltaking

Ein ynskjer at fleire skal få oppleve og bruke dansearven vår. Dette ynskjer vi å oppnå gjennom formidling til nye grupper, på nye måtar og arenaer enn der ein gjerne tradisjonelt har formidla folkedans. Når det gjeld deltaking kan folkedansen gje høve til å møtast og vera sosial med andre menneske på eit meir ope og inkluderande sett enn det gjerne andre typar av aktivitetar kan. Dette då deltaking og bruk kan sjåast som sjølv utgangspunktet for tradisjonsdansen – då den har si kjerne og essens som samværsdans, men det er også gjeldande i høve forvaltning av denne immateriell kulturarva.

### Samordning og samhandling

Då prosjektet i hovudsak baserer seg på samordning og samhandling mellom fleire aktørar (eigarinstitusjonane med fleire), både lokalt (t.d. lokale lag og aktørar) og regionalt (t.d. områdelag og festivalar), og i visse høve også nasjonalt (t.d. områdelag andre stadar i landet, FolkOrg, NU m.fl.), fell det direkte inn under programområde B: samordning og samhandling. Det kan vera krevjande, men er heilt vesentleg å få ulike lokale folkedans- og folkemusikkmiljø, og også andre aktørar, til å samhandle og samarbeide om tiltak og aktivitetar. Ikkje berre er det vesentleg ut frå dansesatsinga si organisering, men det er kanskje mest av alt viktig for å byggja opp under og skapa sterke miljø som mellom anna er godt i stand til å ta imot eit Bygda dansar-prosjekt, og for å halda tradisjonsdansen og – musikken levande og vital. Med ulike aktivitetar og tiltak som til dømes Folkedanssalong ynskjer ein å skapa ein god dialog, og ha ein god kommunikasjonsflyt også med ressurspersonar og -miljø ute i dei lokale frivillige miljøa. Vidare vert samarbeid og samhandling om ulike tiltak og aktivitetar som til dømes møteplassar for born og unge eller aktivitet under Dansens dag, viktig for å vidare oppretthalda eit godt samarbeid, tett dialog og bidra til både kompetanseutveksling og -utvikling, i tillegg til utveksling av erfaring. Samhandling og samarbeid med dei andre vestlandsfylka som t.d. Rogaland som no har prosjektet Bygda dansar fram til og med våren 2019, vil vera vesentleg.

### Kunstløft - kunstnarleg nyskaping

Gjennom til dømes samarbeid med muskar og dansar om ein turne tilpassa ulike skuletrinn, ynskjer ein å vera med på å gje dyktige utøvarar ei moglegheit for å jobbe med, og utvikle, kunstnarleg uttrykk på høgt nivå innan folkemusikk og folkedans. Knytt til utviklinga av deira konsertførestilling utviklast det også eit opplæringsopplegg der elevane får utøva tradisjonsdansen. Tanken er at konsertførestillinga også skal kunne stå for seg sjølv, uavhengig av dette



undervisningsopplegget, og vidare også skal kunne formidlast på ulike andre typar arenaer, som til dømes festivalar eller andre arrangement. I arbeidet med utviklinga av både konsertførestillinga og opplæringsopplegget ligg det eit ynskje om, og ein freistnad på, å skape noko nytt, som samstundes har djupe røter i kjernen og essensen til tradisjonsmusikken og tradisjonsdansen vår. I tillegg til dette tiltaket er det også høgst aktuelt å jobbe med mange fleire profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar på fleire av dei andre skisserte tiltaka over.

### Samarbeidspartane HU og HFL om kvifor ein ser det som viktig å vidareføra dansesatsinga

Under fylgjer punkt satt opp av HFL og HU sine representantar i prosjektet (representantar frå Leiknemnda i HU og HFL-styret), som understrekar kva dansesatsinga, Folkedans i Hordaland, har å seie for aktiviteten i fylket:

- *Satsinga Folkedans i Hordaland skapar stoltheit for vår lokale kulturarv, og bidreg difor til engasjement for folkedans lokalt.*
- *Gjennom Folkedans i Hordaland ser ein på heilskapen i folkedansfeltet, uavhengig av organisasjonstilknytning. Koordinering frå prosjektleiinga bidreg til meir samarbeid lokalt, også med andre samarbeidspartnarar som t.d. festivalar og skule.*
- *Folkedans i Hordaland bidreg til at ein får utvikla nye idear og tankar kring formidling og bruk av folkedans. Ei prosjektleiing sørger også for at desse tankane og ideane blir til gjennomførte tiltak.*
- *Ved å skape arenaer for samarbeid, sikrar ein at gode idear blir delt i heile fylket. Slike arenaer bidreg til at ein ser forbettringspotensiale i sin eigen aktivitet og vidareutviklar den.*

### Økonomi

I tillegg til dei omsøkte tilskotsmidlane via KUP, er det – og vil det bli – søkt om aktivitetstilskot hjå ulike tilskotsgivarar (som Rådet for folkemusikk og folkedans, Kulturrådet, kommunale og lokale tilskotsordningar, bankar og stiftingar), til ulike større og mindre aktivitetar og tiltak gjennom året, lik dei skisserte her, men også til utvikling og gjennomføring av nye tiltak i samarbeid med ulike lokale kultur- og idrettsaktørar. Så langt har dansesatsinga motteke *aktivitetstilskot* til ulike tiltak og aktivitetar frå blant anna Kulturrådet, Sparebankstiftinga Hardanger og Rådet for folkemusikk og folkedans.

### Ei vidareføring av dansesatsinga i 2018 og 2019

Vi vonar at dansesatsinga, Folkedans i Hordaland, kan vidareførast i 2018 og 2019, og laga god grobotn for tradisjonsdanen vår, eit Bygda dansar-prosjekt til Hordaland, og framleis god aktivitet og ein levande tradisjonsdans i Hordaland i åra framover, lenge etter den oppveksande generasjon. Eit vidare tilskot til satsinga vil vera avgjerande for kontinuiteten og framhaldet i arbeidet gjennom å styrka og løfta fram tradisjonsdansen og gje fleire høve til å oppleve dansearven vår, også i framtida.

## Årsbudsjett for Folkedans i Hordaland

### Utgifter

Prosjektlear 80%	512000
Innleide ressursar	230000
Reise	60000
Materiell	60000
Kontor	40000
Samlingar/ workshops/ kurs	128000
sum	1030000

### Inntekter

Eigeninnsats hardingfela.no	420000
Hordaland fylkeskommune	420000
Tilskot ulike bankar	40000
Tilskot Kulturrådet	50000
Andre tilskotsgivarar	20000
Eigeninnsats Hordaland ungdomslag	40000
Eigeninnsats Hordaland folkemusikklag	40000
sum	1030000

